

Bergen 14 august 2020

Ny underutvalgsstruktur

Det overordna samarbeidsutvalet for Bergen handsama i sak 10/20 årsmeldingane frå underutvala i 2019.

I saka kom det fram at den under utvalstruktur vi har etablert innan psykisk helse og rus, bygger opp under/styrker eit særst fragmentert tenestetilbod - dette er ikkje intensjonen med underutvala. Det er og slik at deler av våre ansvarsfelt ikkje blir teke i vare på ei fullgod måte.

Det er i dag fire underutval, SAPH- underutval psykisk helse for vaksne, SAR- underutval rus, underutval barn og unge med psykiske lidingar og underutval knytt til psykisk utviklingshemma med psykiske lidingar.

I saka blei det vedteke å greie ut ei ny underutval struktur, og i den samanheng og sjå nærare på korleis mandat for underutvala skal vere. Det blei rådd til å gje oppdraget til ei arbeidsgruppe som inne rimeleg tid skulle komme med framlegg til løysingar.

Arbeidsgruppa består av leiarane av dei fire underutvala. Grunna situasjonen knytt til korona pandemien har det teke noko meir tid å få på plass eit utkast til ny underutvalsstruktur. Dette blei det overordna samarbeidsutvalet orientert om i sitt møte i mai.

Ei underutval struktur må stette opp under våre overordna mål for dei tenester vi er satt til å utvikle og drive.

Både Bergen kommune og spesialisthelsetenesta har utvikla eit tenestesystem som er tufta på overordna politikk på felte psykisk helse og rus slik dette kjem fram i lov og regelverk.

Dei tenestesystema som er utforma innan den einskilde sektor er ofte omfattande og tidvis kompliserte – noko som tidvis fører til ei lei silo tenking. Ei slik silotenking utnytt ikkje det potensiale som ressursar innan både det kommunale og spesialist helsetenesta kan ha – dette gjeld ikkje minst i høve dei som krev tenester frå ulikt hald.

Ei ny under utvalstruktur må bygge opp under dette potensiale; vi må synleggjere korleis vi på ei systematisk måte kan utnytte våre samla ressursar til beste for dei brukarane som har trong for tenester frå fleire partar.

Underutval - Alternative modeller

Dei fire underutvala vi har i dag, har vore etablert dels for å svare på konkrete utfordringar, dels for å få fram felles politikk på ulike felt.

Ei ny modell må ta utgangspunkt i status i dag og dei føringar som er gitt for både kommune og spesialisthelsetenesta i tida framover.

Det er mogleg å finne fram til ulike modeller for underutval strukturen. Det vesentlege er å finne fram til ei modell som stetter opp under vårt samarbeid rundt felles problemstillingar.

Arbeidsgruppa har drøfta ulike modeller som grunnlag for ny underutval struktur. I den samanheng har ein sett nærare på fire ulike modellar;

1. Framleis fire underutval, men ei ytterlegare klårgjering av mandat og samansetning.
2. Tre underutval - Eit for rus og psykisk helse for vaksne – samanslåing av SAPH og SAR, eit underutval for barn og unge psykisk helse og eit for psykisk utviklingshemma.
3. To underutval - Eit underutval for barn og unge og eit for vaksne. Både underutval må sikre alle målgrupper.
4. Eit underutval som femnar om alle sektorar og alle målgrupper.

Arbeidsgruppa har i sine vurderingar sett på erfaringane frå dagens struktur, og kva for modell som vil bygge opp under trong for både å informere kvarandre og ha styrke nok til å få fram det potensiale som vi vet ligg i eit tettare, systematisk og forpliktande samarbeid.

Modell 1, dagens struktur og modell 4 eit underutval stetter ikkje trongen for å utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid; Modell 1 har vi erfart og erfaringane er sprikande, modell 4, eit underutval, vil slik arbeidsgruppa ser det bli for overordna og liknar meirt på det overordna samarbeidsutvalet.

Etter ei samla vurdering finn vi det rett å rå til å gå inn for to underutval kor alder er skilje, altså eit underutval for barn og unge opp til 18 år og eit for vaksne. Modell 3, med tre underutval, tek ikkje godt nok inn over seg dei synergjar som vi kan få realisert gjennom modell 4. Underutval barn og unge kan vere med å sikre tiltak for sårbare grupper både i høve rusbruk, psykisk helse utfordringar og samstundes at alle born og unge vert ivaretekne. Her er eit unytta potensiale for å ta inn over oss vanskelege problemstillingar på tvers av sektorar. Vi kan unngå påstanden om «det er ikkje mitt bord».

Vår tilråding er difor ei ny underutval struktur tek utgangspunkt i alder, to utval eit for barn og unge og eit for vaksne

Mandat for underutvala

Mandat for underutvala skal understøtte den ordinære samhandlinga og ikkje føre til ei underkjenning av den mynde som er lagt ut desentralt i både den kommunale verksemda og i spesialisthelsetenesta.

Arbeidet i underutvala skal sikre ei optimal utnytting av dei ressursar som er stilt til disposisjon gjennom å:

- samordne tenestetilboda innan og på tvers av forvaltningsnivåa.

- Informere og drøfte utviklingsplanar
- sikre implementering og overvake resultatane av prosedyrar for pasientforløp i dei to organisasjonane
- drøfte/klårgjere felles retningslinjer

Utvala kan opprette utviklingsprosjekt/tiltak knytt til områder kor ei felles innsats vil utvikle tenestetilbodet på ei meir effektiv måte.

Arbeidsform i underutvala/tal deltakarar

Skal underutvalet nå dei mål som er sett for utvala krevs det at vi ser kvarandre som likeverdige partar som saman skal utvikle våre tenester

Arbeidet i underutvala er tufta på ei gjensidig forståing av dei oppgåver vi er sett til å ivareta og dei roller vi kvar for oss har. Arbeidet i utvala er tillitsbasert og vi presiserer at deltakarane representerer sine organisasjonar og ikkje seg sjølve. Deltakarane må ha naudsynte fullmakter slik at arbeidet i underutvalet blir effektivt.

Underutvala må ha ei samansetning som speglar ansvarsområde. Det er og trong for at underutvala for med seg brukarrepresentasjon. Samstundes må tal deltakarar i underutvala vere avgrensa. Slik vi ser det må tal medlemmer vere mellom 8 og 10 deltakarar.

Når tal deltakarar er såpass avgrensa krevs det at utvala kan opprette arbeidsgrupper som får i oppdrag å utgreie konkrete tiltak. Realisering av tiltak må sjølvstendig bli vurdert av det overordna samarbeidsutvalet og i partane sine eige organisasjonar.

Vi ser det som rett at underutvala har kvartalsvise møte, og leiing av utvala og sekretariatsfunksjon går på omgang mellom partane.

Underutval for barn og unge	Underutval for vaksne
Frå Bergen kommune: 4	Frå Bergen kommune: 4
Frå Helse Bergen HF: 3	Frå Helse Bergen HF:3
Frå Betanien sjukehus:1	Frå privat ideell: 1
Brukarrepresentant: 1	Brukarrepresentant. 1

Ny underutval struktur kan realiserast frå 2021. Første møte bør vere gjennom ført innan utgangen av februar 2021.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalget i Bergen sluttar seg til arbeidsgruppa's tilråding om å etablere ein ny underutvalsstruktur som tek utgangspunkt i alder med to utval: eit for barn og unge og eit for

vaksne. Samarbeidsutvalget i Bergen sluttar seg også til arbeidsgruppas forslag til mandat for underutvala.